

# KURSRAPPORT FOR TINGSRETT 2013

## v. Ingunn Elise Myklebust

### Faglærers vurdering av gjennomføring

---

- o Praktisk gjennomføring
  - a) strukturen på kursopplegget

Tingsretten gjeld i hovudsak retten til, eller i, fast eigedom, og kan delast inn i ulike tema som offentleg styring av fast eigedom, eigedomsgrensar, hevd osv. Opplegget er søkt gjennomført slik at tema for kursoppgåver (arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver), vert drøfta og løyst etter at det aktuelle tema er gjennomgått på førelesingar. Ved gjennomføringa av undervisinga i 2013, vart det ei lita justering her p.g.a. naudsynt flytting av ei førelesing. Eg kan ikkje sjå at det har endra høve til innlæring. Truleg har det ført til at tilnærminga til eit par av gruppeoppgåvene vart noko meir krevjande, og nokre førelesingar vart noko enklare å følgje. Metoden for innlæring vart dermed her noko annleis enn planlagt, men neppe læringsresultatet. Studentane har heller ikkje reagert på opplegget i særleg grad.

- b) Førelesingar

Førelesingane var avvikla på same måte som i fjord. Ernst Nordtveit, Sigrid E. Schütz og eg har delt førelesingane mellom oss, og slik at Nordtveit og underteikna har drege brorparten av dette lasset. Vi har førelest i høve til det vi har særleg forskingskompetanse på, og samarbeidet mellom oss har gått veldig fint. Etersom dei ulike emna i tingsretten er greitt tematisk fråskilt, som nemnt over, er det systematisk greitt å dele opp førelesingane i ulike emne/problemstillingar, som også kan delast mellom ulike førelesarar. Ein del allmenne problemstillingar går att i dei ulike tema, som t.d. korleis endringar i samfunnet og t.d. fokus på miljøet, påverkar karakteren på retten, men det er nettopp eit poeng å gjenta dette. I storgruppeoppgåvene er det også eit mål å trekkje fram fleire av dei allmenne tingsrettslege problemstillingane, for at studentane skal kunne sjå utviklingstrekk, samanhengar mellom emna og få auka forståing.

- c) brukte oppgaver – både i arbeids- og storgrupper

I all hovudsak er opplegget det same som i fjord. Det er både teorioppgåver og praktikumsoppgåver, og oppgåvene dekkjer det meste av dei sentrale problemstillingane i faget. Eg har føreteke mindre justeringar i både arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver, m.a. for å søke å tilpasse oppgåvene til dei til ei kvar til gjeldande ordgrense.

Det kan også nemnast at eg har bearbeida rettleiingsmaterialet til både arbeidsgruppeleiarar og storgruppeleiarar. Målet med dette er å oppdatere i høve til nyare rettspraksis, men også nytt pensum. (Falkanger og Falkanger, Tingsrett, 2013)

d) skrivning og kommentering

Opplegget har stort sett fungert greitt.

Eg har hatt *fire* oppgåver/kommentering inne til vurdering, der *to* har fått åtvaring. Dette syner e.m.m. at systemet fungerer og at arbeidsgruppeleiarane er ansvarlege.

e) gjennomføring av gruppesamlingene, obligatorisk kursoppgave og eksamen

Gjennomføringa av samlingane, obligatorisk kursoppgåve og eksamen har gått som planlagt, og det er ingenting særskilt å rapportere her. Samarbeidet med ulike storgruppeleiarar og sensorkorpset har fungert fint. Ein sensor overheldt ikkje fristen ved tilbakelevering av obligatorisk prøve.

f) samarbeid med administrasjonen

Samarbeidet med administrasjonen fungerer fint.

g) Strykprosent og frafall, karakterfordeling

Karakterfordeling og strykprosent må seiast å vere normalt. Det har vore litt større samling rundt C enn det ei normalfordeling skulle tilseie, og noko færre på A, D og E. B-en fell seg også midt i sentrum for normalfordeling.

h) Studieinformasjon, dokumentasjon og tilgang til relevant litteratur

Informasjonen og litteratur som studentane har behov for finnast i stor grad via Mi side, internett og lovdatasystem. Det har ikkje vore noko spørsmål i år om behov for opptrykking av litteratur.

### **Faglærers vurdering av rammevilkåra**

---

- Lokaler og undervisningsutstyr
- Andre forhold

Rammevilkåra for undervising er gode.

Datasystemet har fungert bra både ved førelesingar og storgrupper. Romma som ein har til disposisjon er o.k.

Det einaste konkrete som manglar er *gode tusjar* for skrivning/teikning på tavla i dei ulike seminarromma. Personleg sikrar eg meg alltid med å ha med nye tusjar til kvar undervisningsdag, men her burde ein som lærar alltid finne brukbart utstyr på alle seminarrom.

### **Faglærers kommentar til studentevalueringa(e) (referansegruppemøtet)**

---

- Metode – gjennomføring
- Oppsummering av innspill
- Ev. underveistiltak

Det er lite å tilføre rapporten frå referansegruppemøtet her.

Møtet vart avvikla relativt raskt. Vi gjekk igjennom alle ledd i kurset med førelesingar, arbeidsgrupper og storgrupper, obligatorisk oppgåve osv., men det var ingen vesentlege merknader til gjennomføringa av kurset så langt. Stemninga mellom studentane verka god.

I protokollen frå referansegruppemøtet er notert ned dei små innvendingane som kom, som dels kan innarbeidast i opplegget til neste år. Som det gjerne er, ønskjer nokon studentar meir av ein type undervisning, medan andre vil ha mindre av det same, osv. Eg ser ikkje nokon grunn til å gjenta innhaldet i referatet frå referansegruppemøtet i høve til dette.

Alt i alt danna møtet ingen grunn til å endre «kursen» for kurset, men det er nyttig å ha tilbakemelding på korleis dei ulike studentane oppfattar verdien av førelesingane og kursoppgåvene.

### **Faglærers samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak**

---

Den samla vurdering av kurset, er at framdrifta har gått greitt. Samarbeidet mellom både førelesarar, arbeidsgruppeleiarar og storgruppeleiarar fungerer veldig fint, og dannar ei god plattform både for undervisningssituasjonen og forskning.

Det er i år – i tråd med forslag frå kursansvarleg - vedteke både nytt pensum i tingsrettsfaget, samt ny emneskildring og læringsutbytte.

Det er ikkje store innhaldsmessige endringar, men det er søkt å leggje inn eit noko større fokus på internasjonale spørsmål og særleg tilhøvet til EMK. Læreboka til Falkanger, Fast eigeidoms rettsforhold, og Baldersheim, Reglar om fast eigeidom, er erstatta som pensum med den nye boka til Falkanger og Falkanger, Tingsrett, 2013. Boka til Baldersheim vert no oppmoda å lese som tilleggslitteratur.

I år har studentane fått prøve seg med ei mindre oppgåve om tilhøve til EMK ved obligatorisk prøve, men for seinare år vil no dette temaet også kunne prøvast på eksamen.

Eg vurderer også å gjere mindre endringar i storgruppeoppgåvene, slik at tilhøvet til EMK i noko større grad også er noko som kan drøftast på storgrupper.